



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/4943-6

Deres referanse:

Vår dato:
13.04.2016

Oversending av klage på sakshandsaming – Ny avkjørsel – Fv. 219 – gnr. 18 bnr. 22 – Askøy kommune

Vi viser til brev av 17.03.16 frå Westplan med klage på Statens vegvesen si avvising av handsaming av ovannemnde klage.

Kva saka gjeld

Statens vegvesen av slo søknad om etablering av ny avkjørsle på Fv219 frå gbnr 18/22 m fl den 19.01.16. Brev med orientering om avslaget vart sendt ut same dato. Klagefristen i denne saka er på 3 – tre veker i samsvar med Forvaltningslova § 29.

Slik vi forstår på orienteringa i frå Johan Holm Andersen (Westplan) var han på ferie i utlandet då avslaget vart sendt ut. Vedkomande var likevel tilbake og vart klar over avslaget 06.02.16. Det var då enno tid igjen av klagefristen. Statens vegvesen vart i dette tidsrommet ikkje orientert om at Westplan ville påklage vedtaket vårt. Vi mottok klage på vedtaket først 24.02.16, etter at klagefristen hadde gått ut, jfr § 29 i FVL. I brev av 03.03.16 har vi orientert søkjar om korleis vi oppfattar situasjonen og at vi kom til å avvise handsaminga av klaga, jfr § 34 i FVT. Westplan har påklaga dette i brev av 17.03.16.

Statens vegvesen meiner vi har fått klage på vedtaket etter at klagefristen var gått ut. Vi har forståing for at folk er på ferie, men set føre at firma som driv med planarbeid har innarbeidd rutinar som gjer at dei kan vere oppdatert på saksgangen i dei sakene dei er involverte i. I tillegg er det stadfesta at vedkomande var orientert om vårt vedtak ei tid før klagefristen gjekk ut. Det var då mogleg å sende ein kort informasjon til oss om at det ville bli sendt ein klage. Dette mottok vi ikkje.

Søkjar har no klaga på at Statens vegvesen ikkje har handsama klagen. Vi ser ikkje at det er komen oss i hende ny informasjon i saka og står fast ved korleis saka er handsama. Vi sender difor med dette saka over til Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Kopi
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Johan Holm Andersen, Skorafjellet 37, 5360 KOLLTVEIT

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

STATENS VEGVESEN
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Kolltveit 17.03.2016

**Ny avkjørsel – fv. 219 – gnr 18, bnr 22, Askøy - Klage på vedtak
Deres ref.: 16/4943-4**


Vi har mottatt deres avvisning av vår klage på vedtak av 19.01.2016.

Avvisningen er begrunnet med at klagen ikke var fremsatt innen klagefristens utløp.


Forvaltningsloven (§ 29) definerer helt klart at klagefristen løper fra den dag underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. For vårt vedkommende var dette 2. februar og lovfestet klagefrist blir da 3 uker fra den datoen.

Deres påstand om at klagefristen i dette tilfelle bare er en uke fra vi mottok underretning vil vi hevde er i strid med forvaltningsloven og vi ber med dette om at vedtaket om avvisning omgjøres og at vår klage av 19.01.2016 tas til behandling.

Vennlig hilsen
Westplan AS



J. Holm Andersen





Statens vegvesen

Westplan AS
Skårafjellet 37
5360 KOLLTVEIT

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/4943-4

Deres referanse:

Vår dato:
03.03.2016

Svar – Klage på vedtak – Ny avkjørsel – fv. 219 – gnr. 18 bnr. 22 – Askøy kommune

Vi viser til brev i frå Dykk av 24.02.16, der det vert framsett klage på vårt vedtak av 19.01.16

Statens vegvesen avslo søknad om etablering av avkøyrsløse på Fv 219 frå gbnr 18/22 mfl, den 19.01.16. Klagefristen på denne type vedtak er 3 veker, jmf Forvaltningslova §29. Slik det er gjort greie for av Dykk var De på ferie i utlandet og vart først klar over vårt vedtak 02.02.16. På dette tidspunktet var det framleis ei veke igjen av klagefristen. Dersom det på dette tidspunkt ville vere vanskeleg å få framsatt ei klage innan fristen, burde ein ha teke kontakt med Statens vegvesen med orientering om at ein klage ville bli sendt eller oversendt ein kortfatta versjon i påvente av fullstendig klage, jfr § 30 i Forvaltningslova. Dette fann ikkje stad og vi mottok klage frå Dykk datert til 24.02.16, to veker og ein dag etter at klagefristen gjekk ut.

Statens vegvesen går ut i frå at firma som har verksemd innanfor sakshandsaming slik som Westplan as har rutinar for å svare på post, sjølv i periodar med ferie. Vi ser vidare at det har vore god margin for å framsette ei klage eller å underrette Statens vegvesen om at klage ville bli oversendt etter at Westplan as vart klar over vedtaket vårt.

Med bakgrunn i ovannemnde og at ein ikkje har overholdt klagefristen, §29 i FVL ser Statens vegvesen å avvise fremsatte klage frå vidare handsaming, jfr §34 i FVL.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med vedlagt «melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak»

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen
Med hilsen

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Kopi
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

STATENS VEGVESEN, REGION VEST
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Kolltveit 2402.2015

Klage på vedtak - Ny avkjørsel til gnr 18, bnr 22 - Fv. 219
Deres ref: 16/4943

Vi viser til vedtak datert 19.01.16. Grunnet utenlandsferie fikk vi ikke brevet i hende før 06.02.2016 og vi anmoder derfor at klagen tas til behandling som innkommet innenfor klagefristen.

At en avkjørsel kan representere en ulykkesrisiko har vi selvfølgelig forståelse for, men det vil jo gjelde alle avkjørsler i sin alminnelighet og kan i seg selv ikke være selvstendig grunn for avslag. Tilkomst til veinettet er en forutsetning for all vekst og utvikling og det forundrer oss at en ny avkjørsel fra vegvesenets side kun blir sett på som en ulykkesrisiko i strid med 0-visjonen.

Det er ellers riktig som det påpekes i brevet at Kårevik lettest kunne få avkjørsel via det planlagte byggefeltet «Svartskogheiane», men etter i en årrekke å ha gjort mange forgjeves forsøk på å få veirett over denne eiendommen må vi dessverre innse at dette bokstavelig talt har vært en blindvei.

For eiendommen 18/22 hvor den omsøkte avkjørselen ligger vil en adkomst via Svartskogheiane være en uforholdsmessig kostbar og upraktisk løsning.


Ved lokalisering av den omsøkte avkjørselen er det lagt vekt på optimale siktforhold og topografien gjør det også mulig å etablere avkjøringsfelt om det skulle bli et krav. Vi mener ellers at argumentet om at en ny avkjørsel vil gjøre trafikkavviklingen på Fv- 219 mindre effektiv ikke er realistisk. Vi forutsetter da at trafikken fra den nye avkjørselen vil ha vikeplikt for trafikken på Fv-219.

Den planlagte avkjørselen er resultatet av et positivt samarbeid mellom grunneierne og vil ha stor nytteverdi for mange brukere og vi tillater os derfor å be om ny vurdering av vår søknad.

Vennlig hilsen
Westplan AS



J. Holm Andersen





Statens vegvesen

Westplan AS
Skårafjellet 37
5360 KOLLTVEIT

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Sigmund Bødal / 55516146	Vår referanse: 16/4943-2	Deres referanse:	Vår dato: 19.01.2016
-----------------------------------	--	-----------------------------	------------------	-------------------------

Svar – Søknad om ny avkjørsel – Fv. 219 – gnr. 18 bnr. 22 – Askøy kommune

Vi viser til brev i frå Dykk motteke hos oss 11.01.16, med søknad om ny avkøyrslø på Fv 219.

Slik vi forstår det er det tenkt lagt opp til ny avkøyrslø på Fv 219 til eit større område på gbnr 18/22. Ny avkøyrslø er tenkt kobla på eldre veg i retning Kårevik der det i dag er nokre fritidsbustadar. Avkøyrslø er plassert i eit utmarksområde prega av fjellknausar, myrer og skog.

Fv 219 vart bygd i ny trase etter reguleringsplan frå 1994 med ny tilkobling på Fv 562, som erstatning for den eldre vegstrekning via Tveit. Ny veg går forbi omsøkte stad for ny avkøyrslø i rett strekning med skilta hastighet med 80 km/t. Fv 219 er i dag mykje trafikert med tyngre køyrety fram mot industriområdet på Hanøytangen. Fartsnivået på staden ligg ikkje under skilta fart.

Statens vegvesen si erfaring med etablering av nye tilkomst på hovudvegnett er at dei beste trafikale løysingane er på dei stadene ein har frå, men godt dimensjonerte avkøyrslø. Eit vegnett med mange avkøyrslø vil gje eit uoversiktleg trafikalt bilde og vil kunne vere kime til trafikale ulukker. Ofte vil ulukker i kryss og avkøyrslø ha eit stort skadeomfang og i dei værste tilfella ha eit fatalt utfall.

Fv 219 er ein viktig veg fram til industriområdet på Hanøytangen. Vi ser også at det no kjem til nye næringsareal, samt at det mellom anna kjem til også mellomstore og store bustadområder. Sistnemnde er naboområdet til Kårevik, nemleg Svartskogheiane. Sistnemnde plan legg opp til at utbygging og vegtilkomst aust av denne planen skal ha tilkomst til Fv 219 gjennom Svartskogheiane, der det er dimensjonert nytt kryss som skal kunne handtere større mengder trafikk. Statens vegvesen er av den oppfatning at området i Kårevik må koble seg på infrastrukturen i denne planen. Omsøkt plassering av avkøyrslø er

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

lausreve frå tilbodet til mjuke trafikantar på staden. Dette vil gje sykling og gange i vegbana i ei 80 sone, noko som kan vere svært risikabelt.

Statens vegvesen vurderer det som sær s uheldig å etablere nye kryssingspunkt på ei rett strekning med 80 sone. Vi vurderer at dette særleg i den mørke årstida vil kunne utfordre trafikktryggleiken på staden. Dette vil stri mot 0- visjonen til Statens vegvesen, der vi arbeider mot at trafikken skal gje hardt skadde og drepne. 2015 har vore eit år då reduksjonen i drepne i trafikken har gått markant tilbake. Vi kan då ikkje opne opp for tiltak eller løysingar som gjer vegnettet vårt meir uoversikleg og sårbart, når det gjeld omsynet til trafikktryggleik. Ei auke i tale på tilkomst på Fv 219 vil også gjere Fv 219 mindre effektiv med tanke på trafikkavvikling.

Vedtak

Med heimel i Veglova §§40–43, samt omsynet til trafikktryggleik og effektiv ferdsle på Fv 219 avslår Regionvegkontoret søknaden om etablering av ny avkøyrsløse på Fv 219 til gbnr 18/22 i Askøy kommune.

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast, jfr vedlagt « Melding om rett å klage over forvaltningsvedtak».

Plan og forvaltning, Bergen
Med hilsen

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Kopi
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)

(3) Mottakar (namn og adresse)

(4) Klageinstans

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)

(2) Dato

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none">– kva for eit vedtak De klagar på– årsaka til at De klagar– den eller dei endringar De ønskjer– eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve